



Leikanger 9.mars 2021

Referat frå møte i Leikanger sokneråd 9. mars 2021

Til stades: Åse Kongsvik, Jon Erling Oppedal, Tore Oddvin Stølen, Tove Stensås, Elin Borlaug Hauge, Vegard Bondevik Lie, Kirsti Svangstu

Sak 14/21 Innkallinga og referatet er godkjent

Sak 15/21 Skriv og meldingar

Saksframstilling:

Skriv

- Tekstlesarkurs: Det blir arrangert tekstlesarkurs tysdag 31.august kl. 17.00 med Kristin Aasmundtveit. Sokneråda får høve til å melde på inntil fire personar. Kostnad, kr. 6000,- + reise og opphald blir delt mellom dei tre sokna.

Meldingar

- Fellesmøte 20.april (18-20) på Stedjetunet med samtale og deling av erfaringar vi har frå arbeidet med dei frivillige. Tove stiller på dette.
- Hege Feet Askvik har vore Leikanger kyrkjelyd sin representant i trusopplæringsutvalet dei siste åra. Hege flyttar frå bygda til hausten, og vi må då finne ein ny representant til dette utvalet. Dette kjem opp som sak på neste soknerådsmøte.

Orienteringssaker:

- Gudstenestene sidan sist v /Vegard
 - Veldig flott og vellukka utegudsteneste om kvelden 28.februar. Det var fakkeltog frå nye kyrkjegarden til kyrkja, og varm kakao og kaker utafor kyrkja.
- Rutineskildringar for frivillige: orientering om status v/Tove, Eli og Signe

Framlegg til vedtak:

Skriv, meldingar og orienteringane vert tekne til vitande.

Vedtak:

Skriv, meldingar og orienteringane vert tekne til vitande.

Sak 16/21: Årsrekneskap for Leikanger sokneråd og Leikanger kyrkjelydshus

Saksframstilling:

Kirsti Svangstu har ført rekneskapen for Leikanger sokneråd og Leikanger kyrkjelydshus i 2020. Eivind Eikenes Dahle har gått gjennom og revidert rekneskapen. Den ligg ved denne innkallinga.

Kirsti er med oss på møte og vi vil saman gå gjennom rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Rekneskapen for Leikanger sokneråd og Leikanger kyrkjelydshus for 2020 blir godkjend og lagd fram for årsmøtet 21.mars 2021.

Vedtak:

Rekneskapen for Leikanger sokneråd og Leikanger kyrkjelydshus for 2020 blir godkjend og lagd fram for årsmøtet 21.mars 2021.

Sak 17/21: Årsmelding 2020 og gjennomføring av årsmøte for kyrkjelyden

Saksframstilling:

Framlegg til årsmelding ligg ved innkallinga. Årsmeldinga skal leggst fram for kyrkjelyden på årsmøte 21.mars.

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga blir godkjend og lagt fram for kyrkjelyden på årsmøte i kyrkjelydshuset søndag 21.mars etter gudstenesta kl.19.

Vedtak:

Årsmeldinga blir godkjend med endringane som kom fram i soknerådsmøtet. Årsmeldinga vert lagt fram for kyrkjelyden på årsmøte i kyrkja søndag 21.mars etter gudstenesta kl.19.

Sak 18/21: Fasteaksjonen 2021 tysdag 23.mars

Saksframstilling:

Fasteaksjonen går til Kirkens nødhjelp, og det er konfirmantane som står for innsamlinga av bøsser. I fjor var aksjonen digital grunna korona. Vegard orienterer i møte om korleis dei tenkjer fasteaksjonen kan gjennomførast i år.

Framlegg til vedtak:

Saka er lagd fram utan framlegg til vedtak.

Vedtak:

Leikanger sokneråd ønskjer å gjennomføre fasteaksjonen med dør til dør aksjon, med atterhald om endring i smittesituasjonen.

Sak 19/21: Flytting av bilete i sakristiet

Saksframstilling:

Altarbildet som no heng i sakristiet må flyttast, eventuelt må det få ei midlertidig plassering. Vegard gjev ei orientering om saka i møte.

Framlegg til vedtak:

Saka er lagd fram utan framlegg til vedtak.

Vedtak:

Soknerådet er positive til ei midlertidig plassering av biletet på galleriet i kyrkjelydshuset. Vegard kallar saman dugnadsgjeng til flyttinga.

Sak 20/21: Ymse

Referent Tove Stensås

